

Sogn og Fjordane har mange fjell og flott natur, men legespesialistar er det verre med. Trond Aarre var lenge den einaste psykiateren i Nordfjord, og her har han tenkt å bli så lenge han får lov. – Eit paradys flytter ein ikkje frå, det blir ein eventuelt drive ut av.

## Intervjuet: Trond Aarre

# Dømt til livsvarig Nordfjordeid

– Eg var faktisk den aller første heiltidsansatte terapeuten her.

Avdelingssjefen ved Nordfjord psykiatrisenter (NPS) viser meg rundt på arbeidsplassen sin. Han fortel at bygget stod ferdig i 1991. Eg gjer litt rask hovudrekning; han har faktisk vore på Nordfjordeid heilt frå han var ein ung, nyutdanna lege. Han verkar å vere så fornøgd at eg blir litt mistenksam. Skal ikkje unge og flinke legar søkje seg attende til byen så raskt som råd?

### Eit merkeleg val

Aarre fekk nr. 2 i turnustrekninga. – Eg vart gjort til latter når eg misbrakte dette store loddet med å velje ein slik stad. Men eg har budd i mange norske byar og var lei bylivet. Vi fekk to born i løpet av studietida, og med avgrensa tilgang på barnevakt var det ikkje så mykje av det kulturelle tilbodet vi kunne nytte oss av. Det eg sat igjen med, var støy, eksos, kø og regnvær.

Om det siste var det største problemet, stiller eg spørsmålsteikn med strategien om å flytte til Sogn og Fjordane, men kø og rushtrafikk er det lite av i fjordfylket. Den unge turnuslegen og kona hans såg på kartet og fann ut at Eid måtte vere ein bra plass. – Eg saknar eigentleg ingenting med å bu i ein by, men det er klart at då vi reiste frå Bergen, var dei fleste sikre på at vi raskt ville kome attende.

Det har ikkje skjedd. Og får Aarre det som han vil, skjer det ikkje med det første heller. Han har tenkt å kløre seg fast så lenge han får lov. – På ein liten plass er det bånd mellom folk. I tillegg har vi den mest taltalande naturen ein kan tenkje seg, og ikkje minst har eg autonomi i faget. Slikt kan ein ikkje flytte frå! Mi bekymring er mine ansatte som skal leve med meg i 25 år til.

Basert på inntrykka frå den korte omvisinga mi verkar dei tilsette førebels godt nøgde med sjefen sin. Nordfjord psykiatrisenter er eit såkalla distriktpsikiatrisk senter (DPS) og har 18 sengeplassar. Aarre fortel at psykiatrien i Nordfjord starta

i 1984 ved at hans tidlegare sjef, Torleif Ruud, kjøpte ei skrivemaskin, tilsette ein sekretær og starta poliklinikk. Han var den einaste spesialisten her i 12 år.

– I snart 20 år har vi prøvd å lyse ut etter ferdige psykiatrar, men det er ingen som søker. Det skjer nesten aldri at ferdig utdanna psykiatrar søker seg til stillingar i det som blir definert som utkantstrok. Så skal vi ha folk, må vi utdanne dei sjølv, og Sogn og Fjordane har faktisk vore flinke til det. – Korleis?

– Først og fremst ved å vere rause med middel til fagleg utvikling. Det er fag og fagleg utvikling dei fleste legar vil seie er viktigast for å bli rekruttert. Til sjuande og sist er pengar ein mindre motivasjon for legar enn ein trur.

– Det verkar ikkje som alle tenkjer slik....

– Dei du vil ha, tenkjer slik. Dei du ikkje vil ha, spør etter bonus. Vi treng dei som har ein indre glød, ikkje dei som treng ytre motivasjon for å gjere ein jobb. Det er slike eldsjeler distriktsmedisinen har levd på, fortel han med eit engasjement som gjer meg sikker på at Nordfjord psykiatrisenter har minst ei slik eldsjel i sin stab. – Det må stå om noko, held han fram, viss ikkje blir vi berre helsefunksjonærar, i verste fall helsekelnerar som serverer det kunden vil ha, og det er ikkje det som er kallet vårt.

### Eit meir opplagt val

Sitt eige kall til psykiatrien var Aarre tidleg klar over. Han vurderte så vidt indremedisin («for mykje prosedyrar») og allmenmedisin («for langt mellom dei sjuke»), men hadde vel bestemt seg allereie i turnustida. At han hadde studert filosofi i to år, gjorde ikkje valet vanskelegare. – Når ein har interesse for humanistiske fag, er nok psykiatrien eit nærliggjande val.

Aarre starta som assistentlege ved Nordfjord psykiatrisenter i 1991. Han var då den aller første assistentlegen her som uttrykte eit ønskje om å bli verande etter at han var ferdig utdanna. Då Thorleif Ruud byrja som

forskningsjef ved Sintef og hans etterkomar hadde pensjonert seg, tok Aarre over som avdelingssjef. Og rolla som einsam psykiater. – I tre år var eg aleine overlege her. Det var på ein måte min jobb å prøve å vite alt, og eg følte til tider at alle praktiserte på min lisens. Dei som har eit stort kollegium, kan til ein viss grad lene seg tilbake medan andre held dei oppe. Det går ikkje her. Det blir stilt større krav til dei som jobbar i små miljø, så vi kan eigentleg berre bruke dei beste.

– Korleis fungerer det når ei stilling er utlyst i 20 år utan søkjarar?

– Vi må utdanne folk sjølv. Vi finn folk vi synest er lovande, og gjev dei ei førsteklasses utdanning. Det gjer at det blir veldig stabile miljø og etter kvart ganske høg kompetanse. I ein oppbyggingsfase er det vesentleg at dei sentrale fagfolka er der over tid, forklarar avdelingssjefen, og legg til at det av den grunn ikkje har vore aktuelt å leige inn vikarar. Det tør han ikkje. – Vi har ikkje råd til å importere problem. Vikarstafettar inneber tilfeldig rekruttering, men vi må vite kven vi har på laget. Då får det heller vere at det blir mykje arbeid, seier han, og legg stolt til at frå nyttår er det tilsett folk i alle dei tre overlegestillingane og dei har måtta seie nei til fleire flinke søkjarar til assistentlegestillingane.

Som turnuslege ved Førde sjukehus har eg allereie gjort meg opp ei mening om kor godt det fungerer med danske vikarar og dialekttru fjordingar. – Så flaks at du kom hit i turnustenesta, dett det plutsleg ut av meg.

– Kjempeflaks, tenk kor eg kunne enda! – Eg tenkte på Nordfjord psykiatrisenter...

– Eg tenkjer dagleg på at eg er ein heldig mann. Det er ikkje alle unnt å arbeide på ein plass der alt ligg til rette for å gjere ein fornuftig og forsvarleg jobb.

– Så du har aldri tenkt på karriere på eit stort universitetssjukehus?

– Nei, det tenkte eg aldri på, seier han og ler litt. Kvifor i allverda skulle eg ønskje det?



## Trond Aarre

Født 24. september 1962 i Bergen

- Cand.med. Universitetet i Bergen 1989
- Spesialist i psykiatri 1997
- Avdelingssjef ved Nordfjord psykiatrisenter sidan 2002

Foto Leiv Otto Watne

– Nei, ein kvar kan jo tenkje i dei baner...

– Det dreiar seg ikkje om posisjonen, men gjerninga, så kvifor skal ein streve etter karriere i ein stor by? Ein vil kanskje få vere sjef for nokre fleire enn det eg er her, men arbeidet er nødvendigvis ikkje annleis og meir interessant. Heilt sikkert ikkje meir interessant, faktisk. Sannsynligheten for å få resultat av innsatsen er større her. Eg ser korleis kollegaene mine blir plaga i store, tunggrodde system der dei har liten innverknad på arbeidsdagen, i ein organisasjon som ikkje er lagt til rette for moderne og jordnær psykiatrisk verksemd. Eg tykkjer synd på dei.

### Harvard og Nordfjord

Eg ser på psykiateren og gjev meg ikkje på at pasientane i Nordfjord har vore heldige. Bak han ser eg ei av årsakene til at eg er så sikker på det. På kontoret har Aarre ei artikkelsamling som dekkjer ein heil vegg, den må vere opp mot 10 kvm stor.

– Eg ser det som ei moralsk plikt å vere oppdatert, forklarar han. – Det finst miljø der ingen les noko særleg, og det trur eg er veldig farleg. Skal vi unngå å bli ein liten geografisk minoritet «som har rett», er vi dømt til å lese dei internasjonale tidsskrifta. Når desse kjem like raskt i bokhyllene våre som i bokhyllene på Harvard, finst det inga orsaking for ikkje å vere i fronten!

– Det er ambisiøst.

– Kan vi tillate oss å ha små ambisjonar i ei helseteneste, spør han nesten strengt. Folk kjem og legg sine liv i hendene våre, kan vi møte det uambisiøst? Pasientane våre har krav på det beste, og dei forventar kvalitet på høgde med det beste i utlandet. Det må dei få. Vi har plikt til å prøve, ellers må vi setje opp eit skilt der det står at her serverer vi annanrangs psykiatri.

Ingenting tyder på at det skulle vere naudsynt med eit slikt skilt med det første. Nordfjord psykiatrisenter er kjent i det norske psykiatrimiljøet, ikkje minst fordi Aarre er ein ivrig føredragshaldar både i Noreg og i utlandet. I Bergen var det nyleg

ein konferanse om distriktspsykiatriske senter, og ilag med Jæren og Notodden vart Nordfjord brukt som døme på eit distriktspsykiatrisk senter som fungerer spesielt godt. Ikkje mindre enn fire helseministrar har vore på besøk, og rykta seier at kronprinsparet har bede om å få kome til hausten.

### Dragqueen

Til no har eg skildra Aarre som ein driftig og ambisiøs psykiater. Korleis kan det då ha seg at det på hotellet i Eid heng eit bilete av han i damekjole med kraftig sminke og eit forførende smil på leppene?

– Å nei, det berykta biletet... Det pinlege ved at eg har sett biletet blir raskt gløymt når han no får sjansen til å prate om ein av favorittane sine: Opera Nordfjord. – Det starta med ein amerikansk tenor som kjeda seg. Kona hans var rektor i kulturskulen, og dei bestemte seg for å prøve å setje opp ein opera her. Solistane er innleigde, men heile bygda er med på dugnad. Dei syng i koret, har små roller og lagar kulisser. Lokalavisene var skeptiske. Firda skreiv «Opera høyrer ikkje heime i Sogn og Fjordane». Men lokalbefolkninga var veldig positiv, og det har vore opera her i åtte år på rad no.

Aarre har vore med i sju av dei. Den første rolla hans var som andalusisk skjønnheit i *La Traviata*, og det er bilete frå den oppsetninga hotellgjestene på Eid kan kose seg med.

– Det er utruleg kva ein kan få til om ein lar talenta blomstre. På store plassar blir kulturlivet så profesjonalisert at det ikkje er rom for vanlege menneske. Sjansen for at eg skulle få syngje opera i Oslo er sjølvstundt veldig liten.

### Tomat- og mozzarellapai

Vi har for lengst flytta oss frå avdelingssjefen sitt kontor til familien Aarre sin heim der eg er invitert på middag.

– Generelt for menneskeleg åtferd gjeld det at ein fort blir flink til det ein får skryt for. Dette gjeld òg for matlaging. Så får eg

heller ikkje konkurranse her på kjøkenet, seier han og ser ertande bort på kona si, som ikkje verkar å vere hundre prosent samd i påstanden at *hennar* hobby er å vaske opp etter ektemannen. Resten av dei huslege pliktene er visstnok «outsourca» til barna, eit tiltak som trod i kraft etter at Aarre på ei forelesing i ungdomshuset fekk vite at dei barna som gjorde det best på skulen, hadde oppgåver i heimen.

Uansett kor triveleg ein har det, er det i fylket vårt noko som heiter «siste ferja heim». Før eg må gå, vil Aarre gjerne vise meg favorittrommet sitt. Det er ikkje overraskande eit bibliotek, og av eit kaliber som byggjer opp under stereotypien om den beleste psykiateren. Likevel er ikkje Aarre einig i at den viktigaste etterutdanninga for ein psykiater er å lese skjønnlitteratur.

– Dei som seier det, bruker det nok som ei orsaking for ikkje å lese tidsskrifta, seier han. Tydelegvis har han sjølv tid til begge delar, for han har eit vell litterære referansar på lur. Til dømes sitatet som er nytta som overskrift på dette intervjuet. – Eg har stole det frå skodespelet om oppfinnaren Jan Herwitz av Wiers-Jenssen. Det går på Den Nationale Scene med jamne mellomrom. Bergensarane blir gjort narr av, men forstår det ikkje, og publikum jublar når Herwitz oppgitt slår ut med armane og sukker: «Eg er jo dømt til livsvarig Bergen.»

I motsetnad til Herwitz verkar Aarre å vere svært nøgd med sin langtidssdom.

### Leiv Otto Watne

*l.o.watne@gmail.com*  
Førde sentralsjukehus